

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen  
nasjonalparkstyre**

**Møtested:** E-postbehandling

**Dato:** 16.03.2016

**Tidspunkt:**

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 948 80 564.

Vararepresentantar får kopi av innkallinga, men deltek i behandlinga berre om det blir gitt nærmere beskjed om dette.

Vi har to søknader om motorferdsel som krev rask behandling, og vi foreslår behandling via e-post. Det har vore behandla tilsvarende saker på dette tidlegare.

Dersom det er nokon som ønskjer drøfting i telefonmøte, må eg få beskjed om det.

Med helsing

Kari Sveen  
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen



**Jotunheimen  
nasjonalpark**

Mobil: 948 80 564

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av motorbåt og helikopter i samband med vassdragsovervaking på Gjende - Norsk institutt for naturforskning - NINA		2016/1531
ST 2/2016	Sak - Utladalen landskapsvernområde - Transport av varer, ved og gass til hyttene til ÅJFF - Norsk Folkehjelp Årdal		2016/1993

Arkivsaksnr: 2016/1531-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 14.03.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	1/2016	16.03.2016

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 -  
Bruk av motorbåt og helikopter i samband med vassdragsovervaking  
på Gjende - Norsk institutt for naturforskning - NINA****Forvaltar si innstilling**

Med heimel i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlova § 48, får Norsk institutt for naturforskning i samarbeid med NIVA dispensasjon for å bruke spesialutstyrt motorbåt på Gjende og å lande med helikopter på isen i samband med innsamling av prøver for vassdragsovervaking 2016.

Tiltaket er vurdert etter verneforskrift, forvaltningsplan og naturmangfaldlova.

Det blir sett følgjande vilkår for løyvet:

- Løyve for lågtflyging og landing med helikopter gjeld for ein tur på ein vekedag i starten av april (planlagt 6. april, med etterhald om værforhold). Flyging kan ikkje skje på helgedag, og innflyging må skje på ein slik måte at ein unngår lågtflyging under 300 m så langt det er praktisk mogleg, men blir avgrensa til siste strekninga ned mot landingsplass for prøvetaking på Gjende-isen.
- Alternativ til helikopter er bruk av snøscooter på strekninga Gjendesheim til prøvetakingspunkt på isen. For dette skal det evt. nyttast leigekjørar godkjent av kommunen.
- Løyvet gjeld for 5 turar med spesialbygd båt frå NINA, alternativt båt frå SNO, på Gjende i tidsrommet frå juni til midten av oktober 2015, i samband med innhenting av prøver for gjennomføring av vassdragsovervaking etter oppdrag frå Miljødirektoratet.
- Transporten skal skje omsynsfullt, slik at ein unngår skader eller ulepper i høve til naturmiljøet og andre brukarar av innsjøen, med særleg vekt på rutebåttrafikken og fiskarar på Gjende
- Farten skal tilpassast det som er normal båtbruk på vatnet med motorstorleik 10 hk.
- SNO v / Rigmor Solem skal ha melding om tidspunkt for transportane seinast dagen før. Mobilnr. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no.
- Orientering om tidspunkt for båttrafikk skal også gjevast til Gjendebåten/ Harald Rune Øvstedal

## Saksopplysningar

### Saksdokument:

- Søknad av 23.02.16 frå Ann Kristin Schartau, NINA, med følgjande ordlyd:

På oppdrag fra Miljødirektoratet vil Norsk institutt for naturforskning (NINA) og Norsk institutt for vannforskning (NIVA) gjennomføre undersøkelser av Gjende (vannforekomst ID 002-147-L) som en del av prosjektet «Økosystemovervåkning i store sjøer (prosjekt nr 15078067)» i 2016, slik som i 2015. Undersøkelsene er i henhold til vannforskriften.

Undersøkelsene i 2016 gjennomføres på **seks ulike tidspunkt (en dag per feltrunde)**, tentativt 6. april, ultimo juni, medio juli, medio august, medio september og første del av oktober (nøyaktig prøvetakingsdato vil avhenge av værforholdene).

Overvåkingen omfatter både vannkjemi, plantoplankton, dyreplankton og bunndyr (det siste er ikke avklart). Med unntak av bunndyrprøvetakingen, som i tilfelle vil foregå i de strandnære områdene, vil alle prøver tas fra en stasjon over innsjøens dypeste punkt. Det skal gjennomføres en rekke målinger og tas vannprøver fra ulike dyp. Vi har derfor behov for å benytte en del avansert feltutstyr. I den isfrie perioden vil dette utstyret installeres i en 21 fots båt med motor på 90 hk. Det arbeides for tiden med to ulike løsninger der vi enten vil benytte samme båt som i 2015, en båt eid av NINA, eller en båt eid og ført av Statens Naturopsyn (SNO).

En del av programmet er også prøvetaking under isen, i den såkalte vinterstagnasjonen i innsjøen. Det skal derfor i månedsskiftet mars-april 2016 tas prøver for analyse av vannkjemi og dyreplankton. Denne prøvetagningen er selvsagt avhengig av at det er sikker is på innsjøen. Prøvene skal i likhet med prøvene i isfriperiode tas over innsjøens dypeste punkt. Avstand fra brøyet bilvei til prøvetakingspunktet og omfang og vekt av det utstyret som skal brukes, gjør at arbeidet vil kunne gjennomføres raskere og bedre dersom vi kan benytte oss av transport ut på innsjøen. På grunn av lang kjøretid mellom Trondheim, som er utgangspunkt for vinter-feltarbeidet, og innsjøene som skal undersøkes i Sør-Norge, Gjende og Femunden, har vi undersøkt muligheten til å benytte helikopter for å gjøre målinger på de to innsjøene på en og samme dag.

Vi søker herved om tillatelse til å benytte båt med 90 hK motor i Gjende ved 5 tidspunkt i løpet av perioden juni – oktober 2016.

Videre søker vi om tillatelse til å benytte helikopter og om tillatelse til å lande på isen på Gjende en gang i månedsskiftet mars-april 2016. Av sikkerhetshensyn vil vi i forkant av prøvetagningen ta kontakt med lokalt personell som vil måle isens tykkelse. Dersom isen ikke er trygg vil prøvetakningen ikke gjennomføres.

Vi ønsker i tillegg, som en forsikring om at vi kan gjennomføre prøvetakingen tross forhold som hindrer oss å benytte helikopter, å søke om dispensasjon for bruk av snøskutertransport på innsjøen. Dersom det skulle bli aktuelt ser vi for oss å benytte oss av en lokalkjent snøskuter-operatør til å hjelpe oss med dette. Disse vil også ha en lokalkunnskap som vil gjøre arbeidet på isen sikrere.

Ansvarlig for feltarbeidet i Gjende vil være Knut Andreas Eikland Bækkeli, NINA (mobil: 99 78 91 01).

Tilsvarande søknad om bruk av stor motorbåt var behandla som sak 47/2015. Nytt i 2016 er bruk av helikopter, eventuelt snøscooter, for henting av vassprøver under isen.

## Vurdering

### Heimel:

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen, datert 14.11.2014
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)
- Naturmangfaldlova

Verneforskrifta har i utgangspunktet forbod mot motorferdsel «*Motorferdsel er forbode på land og vatn...*» Det er vidare forbod mot lågtflyging under 300 meter.

Søknad om bruk av stor båt og helikopter må behandles etter den generelle dispensasjonsregelen i verneforskrifta, jf. § 48 i naturmangfaldslova,

«*Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.*»

§ 1, første ledd, i verneforskrifta til Jotunheimen nasjonalpark:

«*Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneholder særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*»

Vidare er formålet med vernet m.a. å ta vare på:

- Fjellvatn og vassdragsnatur

Siste ledd i formålsparagrafen omhandlar friluftslivet, som er viktig interesse på Gjende:

«- - - Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av

naturrenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Forvaltningsplanen, utdrag frå kap 8.17. - FORSKING OG UNDERVISING:

«*I eit område med urørt natur og verdfullt naturlandskap som i Jotunheimen og Utladalen vil det vere interessant å gjennomføre ei rekkje ulike forskingsprosjekt både innan ureining, dyre- og planteliv og samfunnet sin bruk av områda til m.a. rekreasjon og friluftsliv. Verneområda vil ha aukande verdi som type- og referanseområde ettersom utbygging skjer i andre område. Forsking er også viktig for verneområda for å auke kunnskapen om områda og kva for ein verdi dei har for samfunnet. Etter framlegg til verneforskrifter (§ 4 NP og i LVO) kan fylkesmannen gi løyve til vitskaplege undersøkingar når dette ikkje strir mot formålet med vernet.*

- - -

*Forsking treng ofte faste innretningar og bruk av motoriserte kjøretøy. Når forskinga har som mål å auke kunnskapen om naturen og naturgrunnlaget i verneområda og dette ikkje kjem i strid med verneformålet, vil det vere avgjerande om nytten og føremonene av forskinga er større enn ulempene som eventuelle inngrep og motorferdsel medfører. Forskinsresultata skal formidlast til forvaltningsstyresmakta. Statens Naturoppsyn kan hjelpe til med gjennomføring av forskingsprosjekt så langt ein har kapasitet.»*

## Vurdering

Motorferdsel skal haldast på eit minimum, men noko motorferdsel er naudsynt. På Gjende er det rutebåt og regelmessig trafikk. Ekstra båtturar i samband med forsking vil ikkje påverke verneformålet eller verneverdiane nemneverdig. Det må takast omsyn til rutebåttrafikken og andre som ferdist i båt på innsjøen.

Bruk av spesialbygd båt er nødvendig for å ha tilgang til utstyret som trengst for å ta prøver på største djup i innsjøen. Innsamling av botndyrprøver langs land vert tilrådd utført i samarbeid med Vågå fjellstyre.

Bruk av helikopter vil vera rasjonelt ut frå at det er lang reiseavstand frå Trondheim og at ein med helikopter kan gjennomføre prøvetaking på Gjende og Femunden same dag.

Ein enkelt tur og landing med helikopter i april vil ha liten innverknad på verneverdiane, under føresetnad av at innflyging skjer på ein slik måte at ein unngår lågtflyging under grensa på 300 m så langt det er praktisk mogleg. Av omsyn til hekkande rovfugl bør ikkje lågtflyging innan nasjonalparken skje anna enn ned mot landingsplass for prøvetaking på Gjende. Helikopterbruk er lite heldig i høve til friluftsinteressene, og kan vera i konflikt med siste ledd i formåsparagrafen om åmentas «*høve til uforstyrra naturoppleving*». Flyging skal derfor ikkje skje på helgedag, og helst ikkje på fredagar av omsyn til friluftsinteressene.

Vassdragskartlegginga vil gje verdfull informasjon om naturforhold og vasskvalitet, og er ein nødvendig del av naturovervaking iverksett av Miljødirektoratet. Kartlegginga vil bygge opp under vernet gjennom auka kunnskap.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og brukarkonfliktar er kartlagt mellom anna i 3 brukarundersøkingar. 5 turar med båt og ei landing med helikopter vil ikkje ha vesentleg verknad på registrerte verneverdiar, og vil bidra til å auke kunnskapen.

§ 9 Føre-var prinsippet: Den omsøkte motorferdsala gjev noko støy over eit kort tidsrom, men ein kan ikkje sjå at dette vil gje vesentleg meirbelastning på naturmiljø og friluftsliv. Det er ein god del båttrafikk på Gjende frå før, og det er viktig med god dialog med Gjendebåten for at partane kan tilpasse seg til kvarandre.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel i nasjonalparken. Det er berre eit fåtal dispensasjonssaker pr. år som gjeld ferdsl på Gjende ut over det som er direkte heimla i forskrift eller skjer i regi av mangeårig tradisjon med rutebåttransport. Enkeltdispensasjoner har lite volum samanlikna med rutebåttrafikk/båtbruk for bruksberettiga som er heimla i forskrifta pkt.5.2.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet vert vurdert som ikkje relevant.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Tilpassing av fart i høve til det som elles gjeld for båttrafikk på Gjende, er nødvendig ved prøvetaking på dagar med mange andre brukarar på innsjøen. Ved helikopterbruk er det viktig å unngå lågtflyging så langt det er mogleg, og halde god avstand til andre brukarar av området ved landing.

Vågå kommune har kommunal forskrift som regulerer motorferdsel i vassdrag, og denne opnar for løyve som gjeld i medhald av verneforskrift eller dispensasjon når det gjeld båtbruk på Gjende. Landing med helikopter krev godkjenning frå kommunen som forvaltningsmyndighet etter motorferdsellova.

Arkivsaksnr: 2016/1993-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 15.03.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	2/2016	16.03.2016

## **Sak - Utladalen landskapsvernområde - Transport av varer, ved og gass til hyttene til ÅJFF - Norsk Folkehjelp Årdal**

### **Forvaltar si innstilling**

Arbeidsutvalet for nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde § 3, 6.3f fleirårig løyve til snøskutertransport av materiell og ved til Årdal Jeger og Fiskerforening sine hytter Kyrkjevatn, Trollsjøen og Vasspollane. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Samla inntil 2 turar per år med inntil 2 snøskuterar per tur.
- Løyvet gjeld frå 01. februar til 31. april for åra 2016, 2017, 2018, 2019 og 2020.
- Transport med snøskuter skal ikkje gjennomførast på søndagar og heilagdagar inkludert perioden palmesøndag – 2. påskedag
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til SNO v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158), som vil gi melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar.
- Løyve til motorferdsel og køyrerekkebok skal bringast med under transport. Køyrerekkebok fyllast ut før kvar tur.
- Dato og talet på snøskuterar skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar årleg innan 01. juni.

### **Saksopplysningar**

#### *Dokument i saka*

- Søknad per e-post datert 01.03.2016, frå Norsk Folkehjelp Årdal v/Rune Blikken.

#### *Søknaden skal handsamast etter*

- Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 14. november 2014
- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

### *Bakgrunn for søknaden*

Årdal Jeger og Fiskerforening har sju hytter til utleige i fjellet rundt Årdal. Tre av desse ligg innanfor Utladalen landskapsvernområde, Kyrkjevatn, Trollsjøen og Vasspollane. Dette er enkle hytter som primært er sett opp for jegere og fiskere. Norsk Folkehjelp Årdal har i fleire år transportert materiell og ved inn til desse hyttene på ettermiddagen og boss ut att. Folkehjelpen har leigekøyring i heile kommunen. Dette er årleg transport.

I same søknad er det søkt om kjentmannskøyring for 2017. I telefonsamtale med Rune Blikken er det avtala at denne delen av søknaden blir liggande i ro til felles behandling av dei kjentmannsløyva som må fornyast frå 2017.

### *Heimel*

Søknaden må håndsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Motorferdsel med skuter og lågtflyging med helikopter er etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde forbode (§3, 6.1). Forvaltningsstyremakta kan gje løyve til «Transport av varer, brensel, proviant og utstyr inn til turisthytter, hytter og setrar.» (§3, 6.3f).

### **Vurdering**

Forvaltningsplanen presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men at noko er naudsynt. Mengda av motorferdsel skal vere så liten som mogleg.

Motorferdsel med snøskuter kan forstyrre fauna og flora dersom snøforholda er for dårlige. Tidspunkt og traseeval må gjerast med omsyn til forholda for å unngå unødig forstyrring på fauna og flora. Området er ikkje knytt til stinettet til DNT, men det er fleire hytter i området som nyttar området. Det er derfor lagt inn vilkår om at transporten skal unngå søndagar og påska (§8 og 9 i nml.). Jakt og fiske er ein viktig aktivitet i området og dette er knytt til ettersommaren og hausten.

Tilrettelegging med overnatting legg til rette for utøving av friluftsliv, særleg jakt og fiske, som er ein del av verneformålet i verneområdet. Årleg transport med snøskuter er ein effektiv transport av naudsynt materiell og uttransport av boss (§10 og 12 i nml.). Vurderingar knytt til § 11 i naturmangfaldslova «Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar» er ikkje relevant for denne saka.